



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhuset, Ørstafjord
Dato: 10.02.2026
Tid: Kl. 14.30 - 17.35

Fremmøtte

Karen Høydal
Tore Thon
Anne Sølvi Vatne
Per Are Sørheim
Per Ivar Lied
Tove Halse Digernes
Are Folkestad

Representerer

Ap
FRP
H
H
SP
SP
V

Funksjon

medlem
medlem
medlem
ordfører
medlem
varaordfører
medlem

Forfall

Cindy Helen Hoddevik
Odd Magne Vinjevoll

Representerer

FRP
FRP

Varamedlem

Eilis-Mari Grinde
Hans Olav
Myklebust

Representerer

FRP
FRP

Andre som møtte

Kari Flø, konst. kommunedirektør
Inger Johanne Ertesvåg Løeng, konsulent politisk sekretariat
Ingunn Gjengedal, kommunalsjef Hov
Guro Liaskar, tenesteleiar bu- og habilitering
Eldar Øye, Kommunalsjef TEL
Ingvild S. H. Kjøde, planleggar, plan, byggesak og oppmåling
Jan Inge Bueide, økonomileiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/410
PS 02/26	Spørsmålskvarter	26/410
PS 03/26	Orienteringar	26/410
PS 04/26	Referatsaker	26/410
PS 05/26	Varsel om oppstart og høyring av planprogram - Hovudplan for vatn, avløp og overvatn 2027-2037 for Ørsta kommune	25/2516
PS 07/26	Plan for rapportering av økonomi og rekneskap i 2026	25/4774
PS 06/26	Årshjul for budsjettarbeidet - politisk medverknad	26/373
PS 08/26	Evaluering av prosessen for 2026- budsjettet	26/373
PS 09/26	Stifting av nytt destinasjonsselskap i Møre og Romsdal - finansiering	25/3830
PS 10/26	Høyringsinnspel. Fylkesplan samferdsel 2027-2030	25/5257
PS 11/26	Val av styremedlem til Sunnmøre Friluftsråd	22/259
PS 12/26	Bustadfelt Barstadvik	20/6429
PS 13/26	Søknad om fritak frå meddommarverv. Unnateke offentleg innsyn jf. offl. §13. 1.ledd jf. fvl §13. ledd nr. 1	

Ørsta, 10.02.2026

Per Are Sørheim
ordfører

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Saklista vart godkjent med merknad

Behandling:

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Ordførar gjekk igjennom saklista og la til to orienteringa : Tilsettingssak og om RS 7 og handsame sak 12/26 etter referatsakene.

Saklista vart godkjent med merknad

PS 02/26 Spørsmålskvarter – Spørsmål og svar er sist i protokollen

PS 03/26 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringane vart tekne til vitende

Behandling:

Status planstrategi v/Ingvild S. Kjøde, planleggar, plan, byggesak og oppmåling orienterte og svarte på spørsmål

Ordførar, Eldar Øye, kommunalsjef TEL og Johnny Saure Riise, tenesteleiar plan, byggesak og oppmåling svarte på spørsmål.

I lukka Møte: jf, offl. §13. 1.ledd jf. fvl § 13. 1.ledd nr. 1. **Om brukar:** Guro Liaskar, tenesteleiar bu-og habilitering og Ingunn Gjengedal, kommunalsjef HOV orienterte og svarte på spørsmål.

I lukka møte: jf, koml. § 11.5 a. **Om tilsettingssak:** Ordførar orienterte og svarte på spørsmål.

Brev frå Kristiansen, vert sendt til postmottak for vidare handsaming.
Kort om tilsetjingsprosessen. NB. Dette var ikkje lukka informasjon

I lukka møte: jf. koml. § 11.5 .ledd jf. Offl. § 23. 4. ledd **Om Tussa Kraft AS:** Ordførar orienterte og svarte på spørsmål

Notat til kommunestyre og formannskapet om budsjettvedtak 2026 m/verbalkpunkt (RS 7): Kari Flø, konst. kommunedirektør orienterte, ordførar supplerte og svarte på spørsmål.
Eldar Øye, kommunalsjef TEL svarte på spørsmål.

PS 04/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Kommunebrevet 2026
02/26	26/200-2 Høring av NOU 2026:1 En bærekraftig kommunesektor
03/26	Månadsrapport pr. november 2025
04/26	Skatteinngang pr. desember 2025
05/26	Skatteinngang pr. januar 2026
06/26	Svar på innsending av budsjett og øk.plan for 2026-2029
07/26	Notat til kommunestyre og formannskap om budsjettvedtak 2026 med verbalpunkt
08/26	Veileder om statsforvalterens kontroll og oppfølging av ROBEK-kommuner
09/26	Høring av fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030
10/26	Fråsegn til høring av konsesjonssøknad og detaljplan oppgradering Ørsta transformatorstasjon
11/26	Sluttrapport prosjekt 21052 Miljøtiltak – Storelva i Barstadvik Ørsta kommune
12/26	Sluttrapport
13/26	NVE Vedtak - Konsesjon til uttak av grunnvatn til VD Eiendom Vartdal AS, Ørsta kommune i Møre og Romsdal
14/26	Val av styremedlem og varamedlem til Sunnmøre friluftsråd (KO) for perioden 2026–2028 - svarfrist 1. mars 2026
15/26	Søknad om spons - God Jul-lysa i Osmarka
16/26	Vidareføring av leigeavtale utan tidsavgrensing - Tussa Kraftverk
17/26	Referat frå 2. møte i tverrkommunal politisk arbeidsgruppe for Volda og Ørsta

Behandling:

Referatsakene vart tekne til vitende

PS 05/26 Varsel om oppstart og høring av planprogram - Hovudplan for vatn, avløp og overvatn 2027-2037 for Ørsta kommune

Vedtak:

Ørsta formannskap, som planutval, gjer med dette vedtak om å

- varsle oppstart av arbeidet med "Hovudplan for vatn, avløp og overvatn 2027-2037 for Ørsta kommune" jf. pbl §11-12

- legge "Planprogram for hovudplan for vatn, avløp og overvatn 2027-2037 for Ørsta kommune" ut til offentlig ettersyn jf. pbl §11-12

Høringsfristen skal være seks veker fra kunngjeringsdato.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta formannskap, som planutval, gjer med dette vedtak om å

- varsle oppstart av arbeidet med "Hovudplan for vatn, avløp og overvatn 2027-2037 for Ørsta kommune" jf. pbl §11-12
- legge "Planprogram for hovudplan for vatn, avløp og overvatn 2027-2037 for Ørsta kommune" ut til offentlig ettersyn jf. pbl §11-12

Høringsfristen skal være seks veker fra kunngjeringsdato.

PS 07/26 Plan for rapportering av økonomi og rekneskap i 2026

Vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for rapportering av økonomi og rekneskap i 2026 som vist i vedlegg til saka.

Kommunedirektøren rapporterer om omstillingsarbeidet til formannskap og kommunestyret.

Behandling:

Tilleggspunkt: Rapportering omstillingsarbeidet, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet, Are Folkestad, Venstre

Nytt pkt 2, tillegg: Kommunedirektøren rapporterer om omstillingsarbeidet i kvart formannskapsmøte, og til kommunestyret når nødvendig.

TREKT

Rev forslag tillegg, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet, Are Folkestad, Venstre

Kommunedirektøren rapporterer om omstillingsarbeidet til formannskap og kommunestyret.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Rev forslag tillegg**

Per Ivar Lied (SP)

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek plan for rapportering av økonomi og rekneskap i 2026 som vist i vedlegg til saka.

PS 06/26 Årshjul for budsjettarbeidet - politisk medverknad**Vedtak:**

Ørsta kommunestyre vedtek Årshjul for budsjettmedverknad slik det ligg føre. Auka utgifter til møtegodtgjersle skal primært dekkast av skjønsmidlar frå Statsforvaltar, sekundert dekkast av Politikkområdet.

Behandling:**Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre vedtek Årshjul for budsjettmedverknad slik det ligg føre. Auka utgifter til møtegodtgjersle skal primært dekkast av skjønsmidlar frå Statsforvaltar, sekundert dekkast av Politikkområdet.

PS 08/26 Evaluering av prosessen for 2026- budsjettet**Vedtak:**

Evalueringsskjema for budsjettprosessen 2026 blir sendt til dei politiske partia for handsaming i gruppemøta i februar. Gruppleiar legg fram ei kort munnleg oppsummering frå sine respektive grupper i kommunestyremøtet 26.2.26. Evalueringa skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for planlegging og gjennomføring av prosessen for 2027-budsjettet.

Behandling:**Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding

Evalueringsskjema for budsjettprosessen 2026 blir sendt til dei politiske partia for handsaming i gruppemøta i februar. Gruppleiar legg fram ei kort munnleg oppsummering frå sine respektive grupper i kommunestyremøtet 26.2.26. Evalueringa skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for planlegging og gjennomføring av prosessen for 2027-budsjettet.

PS 09/26 Stifting av nytt destinasjonsselskap i Møre og Romsdal - finansiering

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at kr 10 000 til kjøp av aksjar i eit nytt felles destinasjonsselskap for Møre og Romsdal vert finansiert med bruk av ubundne investeringsfond.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at kr 10 000 til kjøp av aksjar i eit nytt felles destinasjonsselskap for Møre og Romsdal vert finansiert med bruk av ubundne investeringsfond.

PS 10/26 Høyringsinnspel. Fylkesplan samferdsel 2027-2030

Vedtak:

Ørsta formannskap vedtek høyringsuttalen som framlagt i saka:

Det aller viktigaste er at fylkeskommunen både sjølv løyver meir og arbeider for høgare rammer frå staten til auka rammer til betra vedlikehald til asfaltdekke, bruer og flaskehalsar, samt til skredsikring og trafikktrygging. Når Møre og Romsdal har eit vedlikehaldsetterslep på 18 mrd er ikkje kostnader knytt til å rette opp manglande generell vegstandard tatt med som til dømes utretting av kurver og breiddeutviding. Her ventar fleire vegstrekningar i Ørsta som til dømes fv 655 og fv 5900 Follestaddalen.

Konkrete innspel frå Ørsta kommune

- Fylkeskommunen har formulert svært ambisiøse målsetjingar, men vår erfaring er at det på langt nær er nok ressursar til å imøtekomme ønska og behov frå folk og næringsliv. Dette skaper over tid frustrasjon og mistillit. Ambisiøse målsetjingar må såleis følgast av auka ressursar, evt. må måla vere meir realistiske. Ei viktig oppgåve for fylkeskommunen blir derfor å prioritere, og samtidig aktivt arbeide overfor sentrale styresmakter i ei anna forståing for kor stor del av det kritiske vegnettet kommunale og fylkesvegar med tunellar, bruer og rassikring er. Sett frå Ørsta kommune er det altfor stor fokus på jernbane, riksvegar og motorvegutbygging, og for lite fokus på lokal infrastruktur, lokalvegar, fylkesvegar, bruer, rassikring, ferjer, gang- og sykkelvegar, flaskehalsar og trafikkisikring. Ørsta og andre kommunar har her svært store behov.
- Møre og Romsdal er det nest størst eksportfylket i landet, og har samtidig svært dårleg standard på fylkesvegar når det gjeld vegdekke og breidde (gul midtstripe) såvel som manglande vedlikehald på bruer og langt frå nok til skredsikring. Dette rammar også næringslivet i Ørsta som har stor verdiskaping og mykje frakt innad i fylket og ut av fylket dagleg på veg.
- 85% av vegnettet i Noreg er kommunalt eller fylkeskommunalt. Det er manglande forståing sentralt for dette, og det kan verke som det er mykje enklare å få til enorme samferdselprosjekt på Austlandet med mangesifra milliardbeløp med store overskridingar, medan det lokale vegnettet blir oversett. Her har fylkeskommunen ei stor oppgåve i å synleggjere lokale behov og informere om skeivfordelinga som i

mange år har resultert i at Møre og Romsdal og Vestland som dei største eksportfylka ikkje har fått tilsvarende utteljing.

- Ørsta kommune ønsker fylkeskommunen som ein aktiv medspelar i å fremje Ørstafjordkryssinga. Statens Vegvesen har lagt opp til at E39 skal ut av Ørsta sentrum og dagens E39 gjennom sentrum skaper store utfordringar dagleg i form av trafikkssikkerheit, kø og støy, og hindrar vidare utvikling av sentrum. Dette er eit stort prosjekt der fylkeskommunen må spele på lag for vidare tettstadutvikling og betre trafikkflyt som del av E39 i fylket.
- Det er positivt at fylkesvegnettet med bruer og tunellar blir omtalt som kritisk infrastruktur og ein del av totalforsvaret. Dette må følgjast opp med konkrete ressursar og løyvingar til forbetringar.
- Det er positivt med reduksjon av klimautslipp frå ferjer og buss, men dette har også svært store investeringskostnader som staten som har vedtatt klimamålsetjingane ikkje har kompensert. Dette betyr store investeringskostnader på samferdsel som har redusert fylkeskommunen sin innsats på andre område vesentleg, som standard fylkesvegar, bruer, flaskehalsutbetring, gang- og sykkelveg, trafikkssikring og skredssikring, truleg også investeringar i bygg som til dømes vidaregåande skular.
- Overgangen til elektriske bussar og ferjer har vore avgjerande for å nå klimamålsetjingane, men gjer også nødvendige vegar og infrastruktur meir sårbar. Dette gjeld både i krigssituasjonar, men også i uver og ekstremvær. Dette har innbyggjarar og næringsliv i Ørsta kommune opplevd fleire gongar på til dømes ferjestrekninga Festøya-Solavåg.
- Gammalt ferjemateriell. Også på ferjestrekningane Hundeidvik -Festøya og på Hjørundfjorden opplever brukarane fleire driftsavbrot no enn tidlegare. Dette gir store ulemper for folk og næringsliv lokalt som er avhengig av eit påliteleg rutetilbod med høg frekvens i kvardagen for å nå arbeid, kommunale tenester, barnehage, skule, kulturtilbod og fritidsaktivitetar.
- Skyssbåt. Ørsta kommune ønsker å vidareføre samarbeidet med fylkeskommunen om skyssbåten på Hjørundfjorden som har ein viktig beredskapssituasjon i vårt område der fylkesvegane er skredutsette og rett som det er må stenge.
- Fleksibilitet og norsk veghandbok. Ørsta kommune meiner at ei meir fleksibel og praktisk tilnærming til vegutbygging og trafikkssikring enn ei streng tolking av norsk veghandbok hadde vore meir miljøvenleg ved at ein kunne spare tid matjord og myr. Eit konkret døme er ny gang- og sykkelveg i Åmdalen i Ørsta, der Ørsta kommune og grunneigarane ønskte og ønsker å ta meir omsyn til dyrkamarka ved å kunne legge gang- og sykkelvegen nærare fylkesvegen. Det må bli enklare å få til ei slik tilnærming ved framtidige utbyggingar.
- Mindre tap av dyrkamark og myr. Dette er ein god intensjon som Ørsta kommune stiller seg bak. Likevel vil dette som regel vere ei avveging mot andre viktige samfunnsomsyn, der td. mindre inngripande tiltak som utbygging av gang- og sykkelveg og utbetre farlege flaskehalsar for å unngå drepne og alvorlege ulykker, må kunne få prioritet etter at arealinngrepa er minimerte.
- Ørsta kommune er einig i at å gjere kollektivtransport tilgjengeleg for folk flest ikkje berre omfattar sjølve reisa på bussen, hurtigbåten eller ferja, men også utforming av haldeplassar, knutepunkt, billettloysingar og informasjon som vert gitt før og under reisa. Det grunnleggjande er likevel at det er eit godt nok tilbod; at bussen, ferja og hurtigbåten faktisk går når folk og næringsliv har behov.
- Ørsta kommune meiner at fylkeskommunen må prioritere gang- og sykkelvegar og trafikkssikring langt høgare. Her er det store behov over heile fylket, og lokalt har Ørsta kommune i årevis arbeidd for meir gang- og sykkelveg, til dømes i Åmdalen. Men vi har også andre lange dalar med fylkesveg der gang- og sykkelveg er viktig for betra trafikktrygging. Over halvparten av trafikkulykkene med hardt skadde og drepne i Møre og Romsdal i 2023 skjedde på fylkesveg.
- Fylkeskommunen må ha meir enn byfokus når dei vil tilrettelagde for å sykle og nytte kollektivtransport. Ørsta og Volda er eit godt eksempel med om lag 22.000 innbyggjarar og stor pendling mellom kommunesentera som ligg nært. Her må

fylkeskommunen vere ein medspelar for å utvikle kollektivtilbodet slik at det blir eit reelt alternativ til bil, og at det også blir enklare og sikrere å sykle.

- Ørsta kommune meiner offentlege transporttilbod i utkantane er viktig, og ønsker at fylkeskommunen vidareutviklar ordningar som "heim for ein femtilapp" og bestillingstransport. I samarbeid med kommunar og andre er dette eit målretta og godt tilbod som kan fungere godt mange stadar, og vere eit alternativ til faste bussruter med få passasjerar.
- Endringa til langt færre kollektiv soner var eit godt grep for enklare reise.
- Ferjerutetilbodet må utformast slik at born, ungdom og eldre kan kome til og frå kultur- og fritidstilbod utan for lang ventetid også på kveldane.
- Informasjon til reisande må betrast. Eit konkret eksempel som Ørsta kommune har tatt opp ei rekkje gongar er ferjetilbodet på Hjørundfjorden som fylkeskommunen har delt i to ruter. Dette gjer planlegging og fleirbesøk vanskelegare. Fastbuande og tilreisande opplever dessutan svært ofte driftsavbrot og at dei to rutene blir samkøyrt, noko som gjer planlegging av reiser svært vanskeleg. Det viser seg også at rutetabellen for samkøyrte rute er svært vanskeleg å forstå for reisande. Varsling og sanntidsinformasjon må bli langt betre på dette sambandet.
- Fylkeskommunen må lage eit betre system for tilrettelagt transport (TT) for eit betre samsvar mellom behov og avsette midlar. I dag har mange brukarar rundt i kommunane store behov, men avsette midlar til TT blir likevel ikkje brukte opp.
- Ørsta kommune er usikker på om FRAM skal ta ei rolle utover båt, buss og ferje. FRAM må først og fremst sikre god, effektiv og enkel transport med buss, ferje og båt, medan andre td kommersielle firma kan dekke behov som til dømes bysyklar og elsparkesyklar.
- Ørsta kommune ønsker eit flaskehalsprogram med årlege løyvingar som systematisk kan fjerne spesielt utsette punkt som inneber vanskar for trafikkavvikling og næringsliv. Høgebrua i Ørsta er eitt eksempel.

Ørsta kommune krev at lavterskelbussar blir sett inn i kollektivtransporten i vårt område snarast.

Det skal vere enkelt å reise kollektivt, og FN standard for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal leggjast til grunn i kollektivtilboda og i utforming av bussar.

Stamveg vs fylkesveg må likestillast i teksta.

Behandling:

Tilleggspunkt - kollektivtransport med buss, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

Ørsta kommune krev at lavterskelbussar blir sett inn i kollektivtransporten i vårt område snarast.

Det skal vere enkelt å reise kollektivt, og FN standard for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal leggjast til grunn i kollektivtilboda og i utforming av bussar.

Justering av tekst, foreslått av Per Are Sørheim, Høgre

Stamveg vs fylkesveg må likestillast i teksta

Per Ivar Lied (SP) er sakshandsamar på saka og gjekk frå.

Votering nr 1 - Votering over alternativer

Gild: 0 stemmer (0%)

Ugild: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 1, V 1

Per Ivar Lied (SP) ugild jf. koml. § 11-10. 1. ledd 1. setn.

Voting nr 2 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Voting nr 3 - Voting over forslag

Forslag: **Tilleggspunkt - kollektivtransport med buss**

Karen Høydal (Ap)

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Voting nr 4 - Voting over forslag

Forslag: **Justering av tekst**

Per Are Sørheim (H)

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta formannskap vedtek høyringsuttalen som framlagt i saka:

Det aller viktigaste er at fylkeskommunen både sjølv løyver meir og arbeider for høgare rammer frå staten til auka rammer til betra vedlikehald til asfaltdekke, bruer og flaskehalsar, samt til skredsikring og trafikktrygging. Når Møre og Romsdal har eit vedlikehaldsetterslep på 18 mrd er ikkje kostnader knytt til å rette opp manglande generell vegstandard tatt med som til dømes utretting av kurver og breiddeutviding. Her ventar fleire vegstrekningar i Ørsta som til dømes fv 655 og fv 5900 Follestaddalen.

Konkrete innspel frå Ørsta kommune

- Fylkeskommunen har formulert svært ambisiøse målsetjingar, men vår erfaring er at det på langt nær er nok ressursar til å imøtekomme ønska og behov frå folk og næringsliv. Dette skaper over tid frustrasjon og mistillit. Ambisiøse målsetjingar må såleis følgast av auka ressursar, evt må måla vere meir realistiske. Ei viktig oppgåve for fylkeskommunen blir derfor å prioritere, og samtidig aktivt arbeide overfor sentrale styresmakter i ei anna forståing for kor stor del av det kritiske vegnettet kommunale og fylkesvegar med tunellar, bruer og rassikring er. Sett frå Ørsta kommune er det altfor stor fokus på jernbane, riksvegar og motorvegutbygging, og for lite fokus på lokal infrastruktur; lokalvegar, fylkesvegar, bruer, rassikring, ferjer, gang- og sykkelvegar, flaskehalsar og trafikkisikring. Ørsta og andre kommunar har her svært store behov.
- Møre og Romsdal er det nest størst eksportfylket i landet, og har samtidig svært dårleg standard på fylkesvegar når det gjeld vegdekke og breidde (gul midtstripe) såvel som manglande vedlikehald på bruer og langt frå nok til skredsikring. Dette rammar også næringslivet i Ørsta som har stor verdiskaping og mykje frakt innad i fylket og ut av fylket dagleg på veg.
- 85% av vegnettet i Noreg er kommunalt eller fylkeskommunalt. Det er manglande forståing sentralt for dette, og det kan verke som det er mykje enklare å få til enorme samferdselsprosjekt på Austlandet med mangesifra milliardbeløp med store overskridingar, medan det lokale vegnettet blir oversett. Her har fylkeskommunen ei stor oppgåve i å synleggjere lokale behov og informere om skeivfordelinga som i mange år har resultert i at Møre og Romsdal og Vestland som dei største eksportfylka ikkje har fått tilsvarende utteljing.
- Ørsta kommune ønsker fylkeskommunen som ein aktiv medspelar i å fremje Ørstafjordkryssinga. Statens Vegvesen har lagt opp til at E39 skal ut av Ørsta sentrum og dagens E39 gjennom sentrum skaper store utfordringar dagleg i form av trafiksikkerheit, kø og støy, og hindrar vidare utvikling av sentrum. Dette er eit stort

prosjekt der fylkeskommunen må spele på lag for vidare tettstadutvikling og betre trafikkflyt som del av E39 i fylket.

- Det er positivt at fylkesvegnettet med bruer og tunellar blir omtalt som kritisk infrastruktur og ein del av totalforsvaret. Dette må følgjast opp med konkrete ressursar og løyvingar til forbetringar.
- Det er positivt med reduksjon av klimautslepp frå ferjer og buss, men dette har også svært store investeringskostnader som staten som har vedtatt klimamålsetjingane ikkje har kompensert. Dette betyr store investeringskostnader på samferdsel som har redusert fylkeskommunen sin innsats på andre område vesentleg, som standard fylkesvegar, bruer, flaskehalsutbetring, gang- og sykkelveg, trafikksikring og skredsikring, truleg også investeringar i bygg som til dømes vidaregåande skular.
- Overgangen til elektriske bussar og ferjer har vore avgjerande for å nå klimamålsetjingane, men gjer også nødvendige vegar og infrastruktur meir sårbar. Dette gjeld både i krigssituasjonar, men også i uver og ekstremvær. Dette har innbyggjarar og næringsliv i Ørsta kommune opplevd fleire gongar på til dømes ferjestrekninga Festøya-Solavåg.
- Gammalt ferjemateriell. Også på ferjestrekningane Hundeidvik -Festøya og på Hjørundfjorden opplever brukarane fleire driftsavbrot no enn tidlegare. Dette gir store ulemper for folk og næringsliv lokalt som er avhengig av eit påliteleg rutetilbod med høg frekvens i kvardagen for å nå arbeid, kommunale tenester, barnehage, skule, kulturtilbod og fritidsaktivitetar.
- Skyssbåt. Ørsta kommune ønsker å vidareføre samarbeidet med fylkeskommunen om skyssbåten på Hjørundfjorden som har ein viktig beredskapssituasjon i vårt område der fylkesvegane er skredutsette og rett som det er må stenge.
- Fleksibilitet og norsk veghandbok. Ørsta kommune meiner at ei meir fleksibel og praktisk tilnærming til vegutbygging og trafikksikring enn ei streng tolking av norsk veghandbok hadde vore meir miljøvenleg ved at ein kunne spare tid matjord og myr. Eit konkret døme er ny gang-og sykkelveg i Åmdalen i Ørsta, der Ørsta kommune og grunneigarane ønskte og ønsker å ta meir omsyn til dyrkamarka ved å kunne legge gang- og sykkelvegen nærare fylkesvegen. Det må bli enklare å få til ei slik tilnærming ved framtidige utbyggingar.
- Mindre tap av dyrkamark og myr. Dette er ein god intensjon som Ørsta kommune stiller seg bak. Likevel vil dette som regel vere ei avveging mot andre viktige samfunnsomsyn, der tid mindre inngripande tiltak som utbygging av gang- og sykkelveg og utbetre farlege flaskehalsar for å unngå drepne og alvorlege ulykker, må kunne få prioritet etter at arealinngrepa er minimerte.
- Ørsta kommune er einig i at å gjere kollektivtransport tilgjengeleg for folk flest ikkje berre omfattar sjølve reisa på bussen, hurtigbåten eller ferja, men også utforming av haldeplassar, knutepunkt, billettøysingar og informasjon som vert gitt før og under reisa. Det grunnleggjande er likevel at det er eit godt tilbod; at bussen, ferja og hurtigbåten faktisk går når folk og næringsliv har behov.
- Ørsta kommune meiner at fylkeskommunen må prioritere gang- og sykkelvegar og trafikksikring langt høgare. Her er det store behov over heile fylket, og lokalt har Ørsta kommune i årevis arbeidd for meir gang- og sykkelveg, til dømes i Åmdalen. Men vi har også andre lange dalar med fylkesveg der gang- og sykkelveg er viktig for betra trafikktrygging. Over halvparten av trafikkulykkene med hardt skadde og drepne i Møre og Romsdal i 2023 skjedde på fylkesveg.
- Fylkeskommunen må ha meir enn byfokus når dei vil tilrettelagde for å sykle og nytte kollektivtransport. Ørsta og Volda er eit godt eksempel med om lag 22.000 innbyggjarar og stor pendling mellom kommunesentera som ligg nært. Her må fylkeskommunen vere ein medspelar for å utvikle kollektivtilbodet slik at det blir eit reelt alternativ til bil, og at det også blir enklare og sikrare å sykle.
- Ørsta kommune meiner offentlege transporttilbod i utkantane er viktig, og ønsker at fylkeskommunen vidareutviklar ordningar som "heim for ein femtillapp" og bestillingstransport. I samarbeid med kommunar og andre er dette eit målretta og

godt tilbud som kan fungere godt mange stadar, og vere eit alternativ til faste bussruter med få passasjerar.

- Endringa til langt færre kollektiv soner var eit godt grep for enklare reise.
- Ferjerutetilbodet må utformast slik at born, ungdom og eldre kan kome til og frå kultur- og fritidstilbod utan for lang ventetid også på kveldane.
- Informasjon til reisande må betrast. Eit konkret eksempel som Ørsta kommune har tatt opp ei rekkje gongar er ferjetilbodet på Hjørundfjorden som fylkeskommunen har delt i to ruter. Dette gjer planlegging og fleirbesøk vanskelegare. Fastbuande og tilreisande opplever dessutan svært ofte driftsavbrot og at dei to rutene blir samkøyrt, noko som gjer planlegging av reiser svært vanskeleg. Det viser seg også at rutetabellen for samkøyrte rute er svært vanskeleg å forstå for reisande. Varsling og sanntidsinformasjon må bli langt betre på dette sambandet.
- Fylkeskommunen må lage eit betre system for tilrettelagt transport (TT) for eit betre samsvar mellom behov og avsette midlar. I dag har mange brukarar rundt i kommunane store behov, men avsette midlar til TT blir likevel ikkje brukte opp.
- Ørsta kommune er usikker på om FRAM skal ta ei rolle utover båt, buss og ferje. FRAM må først og fremst sikre god, effektiv og enkel transport med buss, ferje og båt, medan andre td kommersielle firma kan dekke behov som til dømes bysyklar og elsparkesyklar.
- Ørsta kommune ønsker eit flaskehalsprogram med årlege løyvingar som systematisk kan fjerne spesielt utsette punkt som inneber vanskar for trafikkavvikling og næringsliv. Høgebrua i Ørsta er eitt eksempel.

PS 11/26 Val av styremedlem til Sunnmøre Friluftsråd

Vedtak:

Kommunestyret i Ørsta oppnemner Anne Sølvi Vatne og Guttorm Hagen som Ørsta kommune sine kandidatar som styremedlem og varamedlem i Sunnmøre Friluftsråd for perioden 2026-2028.

Endeleg val av styremedlem blir gjort av representantskapet i Sunnmøre Friluftsråd, og er avhengig av den samla kjønnsbalansen i styret.

Behandling:

Forslag til kandidater, foreslått av Per Are Sørheim, Høgre
Kandidat Guttorm Hagen, Vara Anne Sølvi Vatne

Per Ivar Lied er sakshandsamar på saka og gjekk frå.

Votering nr 1 - Voting over alternativer

Gild: 0 stemmer (0%)

Ugild: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 1, V 1

Per Ivar Lied (SP) er ugild jf. koml. § 11-10. 1. ledd 1. setn.

Tove Halse Digernes (SP) foreslo Anne Sølvi Vatne (H) som varamedlem
Ordførar foreslo Guttorm Hagen som medlem.

Votering nr 2 - Voting over forslag

Forslag: **Forslag til kandidater**

Per Are Sørheim (H)

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Ørsta oppnemner (namn kvinne) og (namn mann) som Ørsta kommune sine kandidatar som styremedlem og varamedlem i Sunnmøre Friluftsråd for perioden 2026-2028.

Endeleg val av styremedlem blir gjort av representantskapet i Sunnmøre Friluftsråd, og er avhengig av den samla kjønnsbalansen i styret.

PS 12/26 Bustadfelt Barstadvik**Vedtak:**

Ørsta formannskap meiner det er behov for nye bustader i Barstadvik og oppfattar at det er grunnlag for vidare samtale med grunneigar. Formannskapet ber kommunedirektøren i dialog med grunneigar og representantar frå

Barstadvik arbeide vidare med bustader på Melbøen og Moldemarka i Barstadvik eller andre område som kan vere aktuelle.

Dersom det er eit ynskje om å bygge bustadar innanfor planområdet vil Ørsta kommune i utgangspunktet vere positiv til å tillate dette etter søknad om dispensasjon frå areaplan. Søknad om dispensasjon til bustadføremaal må sjølvstendig handsamast særskilt.

Behandling:**Alternativt framlegg til tilrådinga, foreslått av Hans Olav Myklebust, Framstegspartiet**

Saka er for dårleg opplyst og det er store manglar i saksdokumenta. Mellom anna manglar det eit planframlegg og skisse på korleis området er tenkt utnytta. I saka er det omtala at der er stor lokal motstand mot fleire bustadtomer i Barstadvik innanfor planområdet. Dette er ikkje dokumentert i saka. Det er ikkje forsvarleg for planutvalet å gjere vedtak i saka no på dette mangelfulle saksgrunnlaget

Tillegg, foreslått av Hans Olav Myklebust, Framstegspartiet

Dersom det er eit ynskje om å bygge bustadar innanfor planområdet vil Ørsta kommune i utgangspunktet vere positiv til å tillate dette etter søknad om dispensasjon frå areaplan. Søknad om dispensasjon til bustadføremaal må sjølvstendig handsamast særskilt.

Alt forslag, Framleis dialog, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Ørsta formannskap meiner det er behov for nye bustader i Barstadvik og oppfattar at det er grunnlag for vidare samtale med grunneigar. Formannskapet ber kommunedirektøren i dialog med grunneigar og representantar frå

Barstadvik arbeide vidare med bustader på Melbøen og Moldemarka i Barstadvik eller andre område som kan vere aktuelle.

Johnny Saure Riise, tenesteleiar plan, byggesak og oppmåling, orienterte og svarte på spørsmål.

Jan Inge Bueide, økonomisjef orienterte kort og Eldar Øye, kommunalsjef TEL orienterte.

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Alternativt framlegg til tilrådinga**

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: FRP

For: 4 stemmer (44%) - Ap 1, FRP 3

Mot: 5 stemmer (56%) - H 2, SP 2, V 1

Votering nr 2 - Voting over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Alt forslag, Framleis dialog: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 2, SP 2, V 1

Per Ivar Lied (SP)

Votering nr 3 - Voting over forslag

Forslag: **Tillegg**

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: FRP

For: 7 stemmer (78%) - Ap 1, FRP 3, SP 2, V 1

Mot: 2 stemmer (22%) - H 2

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek at arbeidet med bustadutvikling i Barstadvik vert sett på vent, og at saka vert teken opp att i samband med neste valperiode og planstrategi. Då kan ein på nytt vurdere prioriteringa av planen, samt om det er økonomisk handlingsrom til å dekkje kostnader knytte til krav stilt av overordna mynde. Dette vil også gje grunneigarane tid til å vurdere frivillig avståing av grunn, som er ein føresetnad for planarbeidet, då dette ikkje har kome på plass per i dag.

PS 02/26 Spørsmålskvarter

Spørsmål:

Retura Søre Sunnmøre, foreslått av Odd Magne Vinjevoll, Framstegspartiet

Kan det informerast om oppkjøpet som Retura Søre Sunnmøre har gjort av Søre Sunnmøre Gjenvinning. Har dette betydning for VØR som er morselskapet.

Svar:

Ordførar svarte Retura Søre Sunnmøre si leiling vart i haust kontakta av SSG. Det vart innleia dialog, og det vart gjennomført ein vanleg due diligence-prosess knytt til dette. Styret i RSS handterte saka, og det vart frå RSS si side konkludert med at eit kjøp ville innebere fleire positive effektar, i tillegg til at den økonomiske risikoen vart vurdert som låg. Kjøpsavtalen omfattar heile driftsselskapet, samt eigedomen der sjølve verksemda har sin aktivitet.

RSS er eit heileigd dotterselskap av Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS. Selskapa kjøper tenester av kvarandre gjennom transparente avtalar, men sjølvkostområda er økonomisk heilt skilt frå næringsverksemda. For morselskapet har såleis dette oppkjøpet liten direkte økonomisk påverknad, men ein viss positiv effekt i det operative. Det inneber synergjar for VØR at RSS har ei god drift, både i høve til utbytte, kapasitet, fagkompetanse og tenestetilbod. Ein direkte positiv effekt av oppkjøpet er at VØR frå årsskiftet leiger ut lokale på Melsgjerdet til deler av RSS si metallforedling.

Styret i VØR er generalforsamling i RSS, medan dagleg leiar i VØR er medlem av styret i RSS. Sidan RSS er eit sjølvstendig aksjeselskap, er det i denne saka styret i RSS som gjer vedtaket om kjøp. I saka om fusjon er det RSS-styret som tilrår overfor styret i VØR, som generalforsamling. Styret i VØR og leiar av representantskapet var orienterte før avtalen om kjøp vart inngått.

Prosjektet branntekniske avvik, Ørstaheimen, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet

Kva er status for prosjektet for lukking av branntekniske avvik med ny brannsentral og nytt system for varsling og naudlys for heile bygget Ørstaheimen?
Kva er grunnen til at brannteknisk oppgradering av 3. etasje – avdelinga som er brennaktuell for dagtilbod for eldre – ikkje er med?

Svar:

Ordførar svarte at Karen har levert interpellasjon til kommunestyret om det same. Svaret til interpellasjonen vil vere meir utfyllande i høve svar her.
Karen Høydal var samd i det.

**Symjebassenget i Hovdebygda, foreslått av Karen Høydal, Arbeidarpartiet
Er bassenget klart til bruk?**

Svar:

Ordførar svarte: Symjebassenget er klart og dei vedlikehaldstiltaka som vi har sett i verk er gjennomførte

Ørsta/Volda gatebilkubb, foreslått av Tove Halse Digernes, Senterpartiet

Ørsta/Volda gatebilkubb er på leit etter eigna klubblokale med areal til å mekke. Vil ordførar ta initiativ til å møte gatebilkubben for å drøfte lokalitetar/areal som kan gi dei høve til å realisere planane sine? Gatebilkubben har mange engasjerte, både unge og vaksne, som treng lokale for å utøve fritidsaktiviteten sin.

Svar:

Ordførar svarte: Ja det vil vi, men det er ei utfordringa er å finne eigna lokale. Det er gjort vurderingar av om der er kommunale bygg som er aktuelle, men desse er i bruk og då kan ikkje nyttast utan at vi då må leige andre lagerlokale. Vi vil følgje opp saka med eit møte med dei om ikkje så lenge.

Tiltak for å få ned sjukefråværet, foreslått av Eilis-Mari Grinde, Framstegspartiet

I vedtatt budsjett for 2026 er det lagt inn reduksjon av sjukefråværet. Kva tiltak er sette i verk pr februar 2026 for å redusere sjukefråværet i Ørsta kommune ?

Svar:

Ordføraren svarte: Vi får ei sak om det på komande kommunestyremøte. Då kan vi gi deg eit meir gjennomarbeida svar.

Løysingar for kraftig auke i eigedomsskatt, foreslått av Eilis-Mari Grinde, Framstegspartiet

Eigedomsskatten er kraftig auka i Ørsta kommune og fleire ser ikkje korleis dei skal klare å betale denne og vurderer no sal av eigedomen sin. Er der rom for å kunne søke om redusert eigedomsskatt i spesielle tilfelle som til dømes dårleg økonomi helse ect ?

Svar:

Ordføraren svarte: Eg vil foreslå at vi følgjer opp dette spørsmålet under orienteringa om gjennomføring av budsjettvedtaket.

Status Einehøgda, foreslått av Eilis-Mari Grinde, Framstegspartiet

Ørsta kommune eig kommunal bustad i Einehøgda, skal dette huset seljast og kva gjenstår for å få lagt dette ut for sal om det er planen ?

Svar:

Kommunalsjef TEL svarte at denne bustaden skal leggas ut for sal.